

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/2442-2

## **Uttale- Søknad frå Sygna vidaregåande skule om godkjenning av nytt tilbod, vg2 helsearbeidarfag, og omfordeling av allereie godkjent elevtal**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknad til at Sygna vidaregåande skule får opprette vg2 helsefagarbeidar.

### **Vedlegg:**

Sygna vidaregåande skule sin søknad til Utdanningsdirektoratet.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Sygna private vidaregåande skule i Balestrand har søkt Utdanningsdirektoratet om godkjenning av nytt tilbod, vg2 helsearbeidarfag, og ei omfordeling av allereie godkjent elevtal.

Vertsfylket har rett til å uttale seg om søknaden før Utdanningsdirektoratet gjer vedtak i saka, jf. friskoleloven § 2- 1 første ledd.

Utdanningsdirektoratet kan etter ei skjønsmessig vurdering godkjenne nye skular eller driftsendringar. I denne vurderinga blir det mellom anna lagt vekt på kva for konsekvensar ei godkjenning vil få for den offentlige skulestrukturen og her vil det vere relevant å legge vekt på uttalen frå vertsfylket.

Uttalen skal ikkje i seg sjølv vere avgjerande for om ein søknad vert imøtekomen eller ikkje, men inngå som ein del av grunnlaget for direktoratet si skjønsmessige vurdering.

Søknaden gjeld frå skuleåret 2019-2020.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Skulen er godkjent for inntil 225 elevplassar. I søknaden går det fram at skulen vil redusere elevtal i studiespesialisering og idrettsfag for å gje rom for auke i utdanningsprogrammet helse og oppvekstfag, frå 32 til 43 plassar totalt på vg1 og vg2.

Søknaden gjeld oppretting av vg2 helsearbeidarfag der vidareføring av løpet anten er opplæring i bedrift eller vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Samla har vi 115 plassar i vg2

helsearbeidarfaget ved våre fylkeskommunale skular. Oppretting av tilbodet ved Sygna vidaregåande skule vil ha liten effekt på søking og inntak til våre tilbod. Fylkesdirektøren meiner difor at det er spørsmålet om konsekvensar for formidling til læreplassar det er mest relevant å gje uttale om.

Fylkeskommunen har ansvaret for at søkjarar frå Sogn og Fjordane med ungdomsrett får tilbod om lærekontrakt/opplæringskontrakt eller alternativ vg3 i skule. For elevar frå andre fylke som går ved Sygna vidaregåande skule er det heimfylket som har dette ansvaret.

Skulen har ei godkjenning som gir fleksibilitet i elevtal mellom vg1 og vg2. Skuleåret 2017-18 har Sygna vidaregåande skule 17 elevar ved vg1 helse og oppvekst. Dei tre føregåande åra var tala ni, fem og ti. Ca to tredjedel av elevane i dette utdanningsprogrammet er frå Sogn og Fjordane.

Det har vore svært få søkarar med vg1 helse og oppvekst frå Sygna vidaregåande skule til vg2 helsearbeidarfag ved våre skular. Det kan bety at dei fleste, fram til no, har valt å søke vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag ved Sygna vidaregåande skule. Statistikken vår syner og at elevar frå andre fylke ikkje søker vg2 helsearbeidarfag i Sogn og Fjordane.

Søknaden omfattar utviding av det totale plasstalet i utdanningsprogrammet, men innanfor plasstalet som skulen er godkjend for. Gjennomsnittleg vil plasstalet i utdanningsprogrammet etter utviding vere 14 plassar per gruppe i dei tre gruppene. Det er grunn til å tru at skulen vil variere inntak til vg1 og vg2 avhengig av tal elevar i vg1 som søker seg til vg2 året etter. Eksempelvis vil 14 elevar frå vg1 helse og oppvekst ikkje vere grunnlag for både ei heil gruppe i vg2 barne- og ungdomsarbeidarfaget og i helsearbeidarfaget det påfølgjande året.

Det har vore vanskeleg å skaffe nok læreplassar til vg3 helsearbeidarfaget og i vg3 barne- og ungdomsarbeidarfaget. Samla er det fylkesdirektøren si vurdering at tal søkjarar frå Sogn og Fjordane til vg2 helsearbeidarfag likevel ikkje vil auke i særleg grad. Det er ikkje grunnlag for fylkeskommunen til å vere negativ til søknaden frå skulen om å opprette vg2 helsearbeidarfag. Ei slik endring vil i liten grad ha påverknad på formidlingsarbeidet.

Etter fylkesdirektøren si vurdering vil endringa Sygna vidaregåande skule ønskjer, ikkje ha konsekvensar for dimensjonering i utdanningsprogrammet.

### **3. Konklusjon**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til søknaden frå Sygna vidaregåande skule.